

NVE
nve@nve.no

Leikanger 05.02.2016

Høyringsfråsegn til småkraftpakke for søknad om konsesjon til 4 småkraftverk i Fjaler kommune i Sogn og Fjordane frå Sogn og Fjordane turlag.

Øyrafossen kraftverk,	Registreringsnr.: 5929	Saksnummer: 201006380
Tjøredalselva kraftverk,	Registreringsnr.: 6343	Saksnummer: 201102175
Yndestadhølen kraftverk,	Registreringsnr.: 6371	Saksnummer: 201102911
Lønnebotn kraftverk,	Registreringsnr.: 6993	Saksnummer: 201300079

Viser til epost med Kristine Nås og vi takker for at vi fekk utsett høyringsfristen.

Om Sogn og Fjordane Turlag:

Sogn og Fjordane Turlag (sjå www.turistforeningen.no/sognogfjordane) er eitt av Den Norske Turistforening sine 57 medlemslag, og fylkeslag for 16 lokale lag spreidd over heile fylket. Siste medlemstal: 6.081. Kraftverka ligg i Indre Sunnfjord Turlag, IST, sitt virkeområde sjå; <https://www.isturlag.no/>.

Sogn og Fjordane turlag har ikkje viktige turruter som vert direkte rørde ved desse utbyggingane, men Guddalen, sidedalane og elva er viktig område for friluftsliv generelt og fiske spesielt. For friluftslivet er det opplevingsverdiane og kvalitetane knytt til Guddalsvassdraget med sine fossefall og flott vassdragsnatur, som ikkje er redusert av utbygging som er stor. Guddalsvassdraget er flott og mektig med ei naturleg vassføring og mange flotte fossefall. Det peikar seg såleis ut sjølv i vår region. Desse kvalitetane er vesentlege og gjer difor vassdraget viktig for friluftslivet.

Flekk- og Guddalsvassdraget er verna mot kraftutbygging etter verneplan 4 og supplering av verneplan for vassdrag. Det er opna for å kunne søkje konsesjon og installere kraftverk med inntil 1 MW effekt, men utbyggingar skal ikkje svekke verneverdiane i vassdraget.

Vi forstår det slik at samtlege av desse utbyggingane vil svekke verneverdiane i vassdraget. Dessverre har vi ikkje hatt kapasitet til å gjere så sjølvstendig grundig arbeid i desse sakene som ønskeleg. Fylkesmannen har levert ein grundig fråsegn med god fagleg grunngeving som vi trygt støtter oss til. Vi støtter denne fråsegna fullt ut!

Forholda mellom inngrep og tap av naturleg vassdragsnatur meiner vi difor er større enn vinsten ved ein liten auke i kraftproduksjonen som desse fire kraftverka vil gje med 15,6 Gwh ny produksjon mot redusert vassføring over 2,4 km verna elvestrekning. Samla inngrep frå 4 inntaksdammar, rørgater, 4 kraftstasjonar, anleggsvegar og nye kraftliner vert omfattande sett i høve til utbyttet og naturen inngrepa skjer i.

Utifrå denne vurderinga og med støtte i fylkesmannen sin fråsegn, er konklusjonen vår at desse fire utbyggingane vil råke viktige verneverdiar negativt, og redusere verdien som type- og referansevassdrag, inkl. landskapsopplevingane for friluftslivet.





Av dei 4 søknadane har, frå vår ståstad, Øyrafossen størst grad av konflikt med grunn særst viktig landskapselement i dalføret. Tjøredalselva alternativ 2 er mindre konfliktfylt, men vi stiller dog spørsmål ved om det då er naudsynt å tillata nokre inngrep i ei elles urørt elv, for lite utbytte, sjølv om dette er innafor lovverket?

Konklusjon

Vi meiner dei negative konsekvensane av dei fire konsesjonssøknadane er større enn føremonane og går imot utbygging av Øyrafossen kraftverk, Yndestadhølen kraftverk, Lønnebotn kraftverk og Tjøredalselva kraftverk alternativ 1.

Sakshandsamar hos oss er Elisabeth Dahle, Forum for natur og friluftsliv, sognogfjordane@fnf-nett.no, mob. 480 20 532

Med helsing

[SOGN OG FJORDANE TURLAG](#)

Sogn og Fjordane Turlag



v/ Ron Overdevest
[leiar Naturvernutvalet](#)

